

Referat frå soknerådsmøte 19.03.24 kl. 17.30

Desse møtte:

Wenche Ness Gabrielsen, Lillian Oddekalv Gjervik, Frida Melvær, Arnt Johny Langeland, Jarle Magnus Vilnes, Jostein Gryte, Terje Mork, Gro Eikebø Stang, Tommy Erdal.

Forfall: Synnøve Melvær, Dag Grane.

Vara kalt inn: Astrid Torsen Landøy, Karen Anny Espedal.

FR 2024/06 (Ikkje offentleg sak)

SR 2024/07 Kyrkjelydsutvalet i Kvammen

Soknerådsleiar har fått epost frå Sigrid Lunde i Kvammen ang. kyrkjelydsutvalget, der ho etterlyser svar på epost sendt tidlegare til kyrkjeverje. Soknerådet beklaga at dette ikkje har vorte tatt tak i.

Vedtak:

Soknerådet ber Sigrid Lunde og Marit L. Gryte om å halde fram. I den situasjonen kontoret er i for tida, har administrasjonen ikkje kapasitet til å finne nye personar til utvalet. Soknerådet ber difor Kvammen om å ta dette på seg.

SR 2024/08 Grasklypp sesongen 2024

Det vart diskutert opplegg for grasklypping og stell av gravplassane komande sesong.

Vedtak:

Soknerådet er einige om å ta inn ungdomar som har tilknytning til den enkelte gravplassen. Desse vil gå i tillegg til gravplassarbeidarane fram til desse skal i ferie. Då vil ungdomane ha ansvar dei vekene.

Ein må starte tidleg i sesongen.

M 2024/04

Lillian Oddekalv Gjervik informerte om kyrkjejubileet på Vilnes. Det er kome inn 5000,- i sponsormidlar, og 15 000,- frå Askvoll kommune.

For soknerådsleiar Wenche Ness Gabrielsen

Hildegunn Hellestet

- sekretær-